

Vår referanse:
2024/496-13-Saksbehandler:
Janne Kristin BøyumDato:
29.10.2024

Fastsetting av planprogram for D63 delplan Svalbard lufthavn - etablering av LBG-energianlegg

Utvalg	Utv.saksnr.	Møtedato
Teknisk-, miljø- og næringsutvalget	45/24	05.11.2024

Administrasjonssjefens anbefaling:

TMNU fastset planprogram for delplan D63 Svalbard lufthavn – etablering av LBG-energianlegg. Fastsettinga er i samsvar med bestemmelsane i svalbardmiljølova § 50, 3.ledd og endeleg planprogram kan kunngjerast.

Behandling i Teknisk-, miljø- og næringsutvalget - 05.11.2024

Arealplanlegger Janne Kristin Bøyum orienterte saken.

Administrasjonssjefens forslag til vedtak ble enstemmig vedtatt.

Stemte for: Svein Jonny Albrigtsen (AP), Jo Daniel Gytri (H), Sanne Charleen Abrahamsen (H), Trine Krystad (V), Ine-Therese Pedersen (SV), Helle Jakobsen (V)

Vedtak i Teknisk-, miljø- og næringsutvalget - 05.11.2024

TMNU fastset planprogram for delplan D63 Svalbard lufthavn – etablering av LBG-energianlegg. Fastsettinga er i samsvar med bestemmelsane i svalbardmiljølova § 50, 3.ledd og endeleg planprogram kan kunngjerast.

Saksutgreiing:

Bakgrunn og føremål

I planinitiativet frå Avinor Svalbard ligg planområdet nordaust for Svalbard lufthavn og inneheld i dag en tankgård. Dette er på gbnr. 22/495. Planområdet er på 115,7 daa.



Figur 1 Ortofoto med plangrensa for planområdet i stipla linje. Etablering av LBG-energianlegg er tenkt plassert aust for den eksisterande blå tankgården.

Formålet med planarbeidet er å etablere et LBG-energianlegg, med bakgrunn i at Avinor Svalbard lufthavn har ei målsetting om å redusere egne kontrollerbare klimagassutslepp på Svalbard, og å bidra til å vere ein meir miljøvennleg energiberar for Longyearbyen.



Figur 2 Skisse av planlagt tiltak teikna inn på gjeldande arealplanføremaal.

Det aktuelle området settast av til energianlegg, medan omkringliggende område vidareførast i tråd med gjeldande arealplan for Longyearbyen. Det er utarbeida eit revidert planprogram etter høyringa som beskriv formål med planarbeidet, kva utredningar som skal gjennomførast, og planprosessen med fristar og medverking.

Saksopplysningar

Svalbard lufthavn Avinor tok kontakt med administrasjonen i LL i mai 2024 med tanke på eit oppstartsmøte for å etablere eit Liquid Bio Gas (LBG)- anlegg ved lufthamna. Førespurnaden vart rutinemessig diskutert i internt samrådsmøte i LL for å sikre flest moglege faglege innspel frå dei ulike fagområda, slik at ein kan vidareformidle dette inn tidleg i arbeidet for tiltakshavar og plankonsulentane deira.

Det vart avklara at ønska tiltak ikkje kunne handsamast som ein byggesak. LL kunne ikkje sjå at tiltak med LBG-gassanlegg er innafor det som er tillate på lokaliseringa lufthamn føremål i utfyllande bestemmelsane til arealplanen, og LL vurderte det difor til at tiltaket er i strid med arealplanen for Longyearbyen. Både område L2 og BA3 krev ein delplan slik at arealplanen detaljerast ytterlegare og at tiltaket kjem med i arealplankartet.

Oppstartsmøtet vart holdt 27.06.24, og planleggar i arkitektfirmaet Henning Larsen som utarbeidar plandokumenta for Avinor Svalbard deltok saman med tiltakshavar, flyplassjef på Svalbard lufthamn og LL deltok. Det har i etterkant av dette vore fleire Teamsmøter og elles kontakt mellom Avinor Svalbard og LL med ulike spørsmål frå tiltakshavar rundt planprosessen som LL har svart ut. Tiltakshavara frå LL har heile tida vore at tiltaket krev ein delplan, og at ein elles har høve til å medverke gjennom revidering av arealdelen.

LL mottok første utkast til planprogram den 30.08.24, og etter mindre justeringar med varslingsliste kunne plankonsulent i Henning Larsen sendte ut varslingsbrev for oppstart av planarbeid og framlegg til planprogram på høyring den 12.09.24 til berørte partar. Frist for merknader vart sett til 14.10.2024. Planprogrammet har vore tilgjengeleg på Longyearbyen lokalstyre si heimeside frå den 12.09.24.

Det kom inn 5 merknader til planarbeidet:

- Nærings -og fiskeridepartementet – 19.09.24
- Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren – 08.10.24
- Avinor – 14.10.24
- Sysselmesteren – 16.10.24
- Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap – 18.10.24

Nytt revidert planprogram og oppsummering av merknader vart motteke den 21.10.24, og ligg som vedlegg.

Administrasjonssjefen si vurdering:

Det er naturlegvis ønskeleg for tiltakshavarar på generelt grunnlag å få sette i gong med utføring av planane sine så raskt som mogleg. Når eit tiltak er vurdert etter svalbardmiljølova utarbeide ein delplan, er det ein planprosess som tek tid då det er fleire tema som skal utgreiast. Dette er igjen viktig for å sikre medverking. I Longyearbyen er det krav til

planprogram før alle delplanar, og ved høyring av planprogram og eit framlegg av delplan skal denne sendast også leggst ut til offentleg ettersyn. Framlegg til planar skal også varslast i brev direkte til grunneigar, naboar og relevante høyringsinstansar.

Planprogrammet er med andre ord eit fast ledd i planprosessen for å utarbeide ein delplan i Longyearbyen planområde. Slik Longyearbyen lokalstyre les det nye reviderte planprogrammet til Svalbard lufthavn Avinor, er det no tilfredsstillande til å kunne fastsettast. Innspela som kom i høyringsperioden vert teke med i vidare arbeid med å utarbeide ein delplan for Svalbard lufthamn sitt energianlegg.

Planprogrammet skissera ei rekke utgreiingsbehov. Alle utgreiingane vil gi kunnskapsgrunnlag og hjelp til utforming av endeleg planforslag, men følgande utredningar kommenterast særskilt:

- Naturmiljø
- Landskap
- Kulturminne og kulturmiljø
- Byggegrunn og naturfare
- Adkomst, trafikk og transport
- Barn og unge
- Samfunnssikkerheit og beredskap

Det står skrive i planprogrammet at energianlegget vert avvikla når Longyearbyen har nok grøn energi som energiberar. Longyearbyen er i starten av ei tid med energiomstilling, og det er ikkje avklara på korleis måte ein skal gjere dette enda, men ein må rekne med at dette ligg ei tid framføre oss. Svalbard luftham ønsker i tida fram til det å vere sjølvforsynt med grønare energi. Det vert spanande å sjå klimarekneskapan for denne delplanen då det er truleg at dei direkte klimagassutsleppa vert redusert, og interessant å sjå om dette også gjer noko med dei indirekte. Klimarekneskapan har truleg ei betydeleg reduksjon for Svalbard lufthavn Avinor, men forhåpentlegvis også positive ringverknader for Longyearbyen.

Framtidig framlegg til delplan for Svalbard lufthavn – etablering av LBG-energianlegg bør inkludere aktuelle berekraftsmål som er lagt til grunn i Lokalsamfunnsplanen for 2022 – 2033 i større grad enn planprogrammet. I tillegg vert Temaplan for klima, miljø og energi for Longyearbyen utarbeid i desse dagar, og snart offentleg tilgjengeleg. Denne kan med fordel nyttast i vidare arbeid med delplan.

Merknadane som kom inn i høyringsperioden gav også nyttige råd og retningslinjer frå Avinor og andre med god fagleg kunnskap frå sine interesseområde. Desse er svara ut frå Henning Larsen i eige vedlegg til saka, og vert naturlegvis med i vidare arbeid.

Administrasjonssjefen vurderer at planprogrammet gir et tilstrekkelig grunnlag for gjennomføring av fagutredninger. Fagutredninger som vil gi nødvendig kunnskap og grunnlag for utforming av et endelig planforslag i samsvar med sml. § 49. Planprogram for delplan for D63 – Svalbard lufthavn – etablering av LBG energianlegg, datert 18.10.2024 anbefales fastsatt i samsvar med svalbardmiljøloven § 50, 3. ledd.

Administrasjonssjefen sin konklusjon:

Administrasjonssjefen tilrår å fastsette planprogram for delplan D63 Svalbard lufthavn – etablering av LBG-energianlegg. Fastsettinga er i samsvar med bestemmelsane i svalbardmiljølova § 50, 3.ledd og endeleg planprogram kan kunngjerast.

Vedlegg

- 1 Revidert planprogram
- 2 Merknadsbehandling til varsel om oppstart av planarbeid_planprogram_rev
- 3 1. Nærings -og fiskeridepartementet 19.09.24
- 4 2. Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren 08.10.24
- 5 3. Avinor 14.10.24
- 6 4. Sysselemesteren 16.10.24
- 7 5. Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap 18.10.24

Andre vedlegg (ikke vedlagt):